

Sagt av Astrid Lindgren:

Jeg skulle ønske dagens barn
lekte mer enn de gjør
For den som leker som liten
får en rikdom inni seg
som man kan øse av hele livet
Man bygger opp en varm, hyggelig
verden inni seg

En verden som gir styrke om livet blir vanskelig
Et sted man kan ty til i motgang og sorg

ÅRSPLAN 2019-2020

SKOGSVÅG BARNEHAGE

«SMÅ FØTER STORE STEG»

«Ein trygg stad å
være, ein god start å
lære»

Årsplan 2018/2019

Innhold

Innleiring:	3
Kvalitet i Sund Kommunale barnehagar skal være kjenneteikna av:.....	3
Sund Kommunale barnehagars felles pedagogiske grunnsyn:	3
Fokusområder i Sund kommunale barnehagar 2017-2020.....	4
Presentasjon av Skogsvåg barnehage	4
Skogsvåg barnehagen sine mål:	4
Samarbeid mellom heim og barnehage	5
Samarbeidsutval og foreldreråd.....	6
Trafiksikker barnehage.....	6
Hjerteprogram:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
COS – Circle of security	6
Satsingsområdet: Eit godt barnehagemiljø.....	8
Kva er eit trygt og godt barnehagemiljø?.....	8
Språk og språkarbeid i Skogsvåg barnehage.....	9
Livsmestring og helse.....	10
Vennskap, fellesskap og sosial kompetanse.....	11
Astrid Lindgren	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Omsorg og danning	12
Danning:	13
Leik.....	14
Læring:	15
Barns medverknad.....	16
Fagområda med progresjonsplan	16
Kommunikasjon, språk og tekst	17
Kropp, rørsle, mat og helse	18
Kunst, kultur og kreativite.....	19
Natur, miljø og teknologi	21
Etikk, religion og filosofi	22
Nærmiljø og samfunn.....	23
Mengd, rom og form	24
Overgangar i barnehagen og mot skulen.....	25
Vurdering/ dokumentasjon	26
Plan for vurderingsarbeidet	26

Innleiing:

Lov om barnehagar og rammeplanen er saman med kommunale planar styrande for barnehagen si verksemd, og er ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Alle barnehagar skal ha ein årsplan som presenterer barnehagen. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom. Vi har månadsplaner som er kortare planer og Sund kommune sin strategi og utviklingsplan som går over fleire år, i tillegg til årsplanen vår.

Årsplanen er vårt arbeidsreiskap til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Det er også eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. I tillegg er årsplanen grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen og informasjon ut til eigar, politikare og andre samarbeidspartnare om vårt pedagogiske arbeid.

Årsplanen inneholder informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje den allsidige utviklinga til barna i samarbeid og forståing med heimen. Planen gjer og informasjon om korleis føresegna i barnehagelova om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast.

Kvalitet i Sund Kommunale barnehagar skal være kjenneteikna av:

- Alle vaksne har gode relasjoner og positive forventningar til barna
- Barn får medverke i kvar dagen sin
- Trygge, engasjerte og kompetente vaksne. Tilsette med gode personlege eigenskapar og høg fagleg kompetanse
- Godt samarbeid med heimen
- Leik og læring i eit inkluderande fellesskap
- Eit trygt og godt barnehagemiljø, med fokus på fysisk og psykisk helse
- Godt samarbeid med skulen

For å ivareta kvaliteten i barnehagane har vi utarbeid ein felles pedagogisk plattform med felles pedagogisk grunnsyn og satsingsområde:

Sund Kommunale barnehagars felles pedagogiske grunnsyn:

Barndommen er ein livsfase med eigenverdi, den kan ikkje forserast, kan ikkje takast att og skal få ta si tid! I barnehagen skal barnet få gode høve til leik, utvikling, rett til medverknad og aktivitet i nært samarbeid og forståing med foreldra. Ein føresetnad for læring er at barnet har god tilknyting og kjenner seg trygg. Den vaksne har kompetanse for å støtte barnet si læring og utvikling.

På bakgrunn av dette grunnsynet er det laga ein visjon for arbeidet i barnehagane:

«Alle barn skal kjenne seg trygge og trivast og bli ein del av eit stimulerande miljø for læring og utvikling».

Fokusområder i Sund kommunale barnehagar 2017-2020

- Leiing
- Vaksenrolla
- Språk
- Livsmestring og helse

Satsingsområda er valt for å skape ei felles plattform for Sund kommunale barnehagar, og for å formidle kva innhald brukarane kan forvente når dei vert tildelt barnehageplass i Sund. Områda vil bli ulikt vektlagt i den enkelte barnehage.

Presentasjon av Skogsvåg barnehage

Skogsvåg barnehage er ein kommunal barnehage som ligg sentralt i Skogsvåg. Barnehagen har naturskjonne omgjevnader, med flott ute plass kor barna kan leike seg i eit variert terren. Vi er ein 5 avdelings barnehage med til saman 80 barn og 30 tilsette. Vi er ein barnehage som legg vekt på gode læringsarenaer og tek omsyn til barna sin ståstad. Dei vaksne i barnehagen er bevisste på at barna treng alderstilpassa utfordringar og oppgåver som dei kan strekkje seg etter, for såleis få føle mestring.

Adresse : Hidlamyrvegen 21

Tlf : 56327781

Mailadresse: inger.hetlevik@sund.kommune.no

Skogsvåg barnehagen sine mål:

- Barnehagen skal ha eit inkluderande miljø prega av tryggleik og trivsel. jmf. omsorg
- Barna skal få ulike utfordringar tilpassa den enkelte sine føresetnader jmf. barns medverknad og prosesjon
- Personellet skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre/føresette, interne og eksterne aktørar jmf foreldresamarbeid
- Barna skal få uttrykkje sitt syn på barnehagens daglige verksemd. jmf barns medverknad og vurderingsarbeid
- Barna skal oppleve naturen og få undre seg over den. Jmf fagområda
- Personellet er ein del av eit stimulerande læringsmiljø med fokus på nytenking og utvikling. Jmf evaluering, satsingsområde og Sund kommunes strategi og utviklingsplan

Barnehagens visjon:

«Ein trygg stad å være, ein god stad å lære».

Samarbeid mellom heim og barnehage

Foreldre er dei som kjenner sine barn best, medan det pedagogiske personalet har ein generell kunnskap om barn si utvikling. Gjennom eit tett og godt foreldresamarbeid, med open kommunikasjon, respekt og forståing, vil Skogsvåg barnehage ta vare på barna sine behov for omsorg, leik, læring og danning.

Eit godt samarbeid med føresette skapar vi gjennom:

- Dei daglege møta med føresette i hente- og bringesituasjonar
- Samarbeidsutvalet
- Foreldremøte
- Foreldresamtalar vår og haust
- Brukarundersøking
- Informasjon kjem via facebook
- Å gje foreldra høve til å søke hjelp og rettleiing hos personalet.

Foreldre/føresette skal medverke i planleggingsarbeidet i barnehagen. Det gjer vi blant anna ved å ha jamleg brukarundersøkingar. Resultata der vert diskutert både blant tilsette og foreldre, særskilt i SU.

Vi oppmodar alle foreldre/føresette til å kome med innspel på kva dei ønskjer at vi skal ha fokus på. Vi oppmodar representantar i samarbeidsutvalet til aktivt å innhente foreldra sine synspunkt slik at vi kan bruke dette i vårt planleggingsarbeid. Det er rom for påverknad om fagleg innhald på foreldremøte.

Samarbeid med foreldre/føresette opp mot temaet «Eit godt barnehagemiljø» er noko vi vil arbeide for. Foreldre er vår viktigaste samarbeidspartnare og saman kan vi lage eit godt barnehagemiljø for barna.

Vi vil ha fokus på dette på foreldremøter, i foreldresamtaler og i vårt daglige møte med foreldre/føresette.

Vi ynskjer at dykk som foreldre skal:

- Hels på og prat med barn og foreldre du møter i barnehagen
- Støtter opp under barnas venskap. Vis at du liker barnets vener, prat med dei og inviter dei med på aktivitetar
- Snakk fordelaktig og positivt om dei andre i barnehagen.
- Tren barnet i å snakke om følelsar og om korleis det opplevast å bli heldt utanfor og forskjellsbehandla.
- Oppmuntre barnet til å være raus.
- Oppmuntre barnet til å vente på tur, gi, få og bytte på å bestemme i leiken. Lær barnet god konfliktløysing.
- Ta initiativ til, og still opp på felles aktivitetar og opplevingar for barn, foreldre og tilsette i barnehagen
- Vis barnet korleis vi oppfører oss i trafikken
- Snakk med barnet ditt. La barnet ditt få utforske og undre seg og støtt det vidare til å finne svaret.
- Ha augekontakt og vær tilstade med barnet ditt når du har dei gode samtalene. Vis interesse for det barnet interesserer seg for. Hugs at tida når barnet ditt er liten, går fort!
- Foreldre og barnehage samarbeider om felles «reglar» for invitasjon til bursdagar slik at ingen barn holdas utanfor
(deler er henta frå FUB)



Samarbeidsutval og foreldreråd

Skogsvåg barnehage har samarbeidsutval (SU) og foreldreråd som sikrar medverknad. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Foreldra skal få høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen. Spørsmål om innhald og prioriteringar skal drøftast i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Det er berre foreldre som sit i foreldreråd, medan samarbeidsutvalet består av tilsette og foreldre. Vi har fast 2-3 møter i SU kvart barnehage år.

Trafikksikker barnehage

Sund kommune har eit mål om at alle barnehagar skal være trafikksikker. Skogsvåg barnehage var frå hausten 2017 ein trafikksikker barnehage. Dette er eit kvalitetsstempel på at barnehagen har eit godt trafikksikkerheitsarbeid ut i frå kriterier frå trafikksikkerheitsplanen til Trygg Trafikk og kommunedelplan trafikksikring 2015-2025. Skogsvåg barnehage har eigen handlingsplan for dette arbeidet, og brukar Trygg trafikk sitt opplegg for barnehagar i dette arbeidet. Handlingsplanen ligg på heimesida og er tilgjengeleg på kvar avdeling.

Eit lite utdrag av kva vi skal gjere for å være ein trafikksikker kommune:

- Være medlem og følgje opplegg i Barnas Trafikk klubb
- Ha trafikksikring oppe som tema på foreldremøte
- Ha reflekskampanje/fokus på å bruke refleks
- Internkontroll runde med fokus på blant anna vegsikring og parkeringsplassen til barnehagen
- Gode rutinar på turar, både til fots og ved eventuell buss



COS – Circle of security

I vårt arbeid med å skape trygge og glade barn og vaksne, og gje god omsorg til alle, vil vi bruke COS som ein metode for å nå målet.

Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Det treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ein trygg base ("passer på meg, være god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er sammen"). Barnet treng også at omsorgspersonen er der når det søker nærliek og at ho eller han kan fungere som ein trygg hamn ("beskytt meg, trøst meg, vis godheit for meg, organisér følelsane mine").


Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passet på og oppleve å bli delt glede saman med, men også å bli ønsket velkommen tilbake, bli beskytta, trøsta og få organisert følelsane sine.

Tryggleikssirkelen viser oss at foreldre/omsorgspersoner har to funksjoner overfor barnet

- Være ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forlatt.
- Være en sikker hamn som alltid er der for å ta imot når barnet har behov for nærliek/trøst frå den vaksne.

I COS-lærer dei vaksne korleis dei kan møte barnas følelsesmessige behov og korleis hjelpe til å bli bevisste utfordringar i å imøtekommе barnets tilknytingsbehov.

Cos sirkelen:



Satsingsområdet: Eit godt barnehagemiljø

Kva er eit trygt og godt barnehagemiljø?

I et godt barnehagemiljø deltar alle barn på egne premisser og møtes med respekt og anerkjennelse, uavhengig av funksjonsnivå og sosial bakgrunn (*ST.MLD 24 (2012-2013) Framtidas barnehage*).

«Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får en god barndom preget av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er også en forberedelse til aktiv deltagelse i samfunnet og bidrar til å legge grunnlaget for et godt liv. Alle handlingar og avgjørslar som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggande hensyn, jf. Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.»
(Rammeplanen for barnehagen, s.4:2017).

Eit godt barnehagemiljø er noko vi vil arbeide mykje med dei kommande åra. Eit godt barnehagemiljø er grunnleggjande for at barna skal trivast, lære og utvikle seg .Det er dei vaksne sitt ansvar for at barnehagen har eit godt barnehagemiljø.

Trygge vaksne i eit inkluderande miljø bidreg til varme i miljøet rundt. Har vi humor og glede på arbeidsplassen vil det og smitte over på barnas miljø. For å oppnå eit godt barnehagemiljø er det viktig at dei tilsette samarbeider tett og tar felles ansvar. I Skogsvåg barnehage vil vi bruke tid på å diskutere oss fram til felles haldningar som grunnlag for korleis vi skal handle. Kvar ein av oss skal ha eit reflektert og bevisst forhold til rutinane som styrer kvardagen.

Retningslinjer i møte med barna:

Mål:

- Alle barn har rett til ein god kvardag, der ein trivast og utviklar seg og vert trygg på seg sjølv og sin identitet

Delmål:

- Barna skal oppleve tryggleik og føle seg inkludert
- Barna skal oppleve at dei vert respektert for den dei er, og respekte kvarandre
- Alle vaksne som omgås barna er viktige rollemodeller og skal sjå, handle og følgje opp når uønskte hendingar skjer.

Korleis skal vi nå måla?

- Skogsvåg barnehage skal ha barneperspektiv i det vi gjer. Det vil sei at vi alltid skal vurdere barnas perspektiv i kvardagen og dei aktivitetane vi gjer.
- Vi vil ha medverknad frå barna og være lydhør til barnas innspel
- Vi skal ha fokus på barnehagemiljøet på personalmøte og avdelingsmøte

- La barna føle mestring
- Sørgje for at barna har det kjekt
- Gje barna utfordringar
- La barna delta aktivt i det som skjer
- Sjå moglegheiter, ikkje begrensingar
- Vi har årshjul som skal sikre at vi jobbar med dei viktige tinga.

Språk og språkarbeid i Skogsvåg barnehage

«Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Barnehagen skal ha et helsefremmende og førebyggande funksjon og bidra til å utgjevne sosiale forskjellar» Barnehageloven § 1 og § 2.

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språk- stimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. I barnehagar for samiske barn i samiske distrikt skal barnehagen fremje den samiskspråklege kompetansen til barna. Rammeplan for barnehagar kap 3.

Vi i barnehagen må arbeide aktivt for at barna får brukt språket dei har, og vi må oppfatte og bekrefte barns uttrykk og samtidig sette ord på deira inntrykk og opplevingar. Dette er av avgjerande betydning for vidare utvikling av talespråket. Morsmålet er viktig oppleving av eigen identitet og mestring på mange områdar. I barnehage har vi ikkje morsmålsassistentar, men vi vil oppmode barn som har same morsmål til å bruke det i leik og anna aktivitetar der det er naturleg, samstundes som vi vil ha fokus og jobbe med det norske talespråket.

Mål:

- Betre barna sin språkinnlæring og språk utvikling
- Barna skal ville bruke språket sitt- uavhengig om det er tale- skrift eller teikn språk

Dei vaksne si rolle:

- Dei vaksne skal stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og legge til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- Vi skal sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler
- Vi skal vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- Vi skal følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- Dei vaksne skal bidra til at språkleg mangfold blir noko positivt for heile barnegruppa og støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt

For å få dette til vil vi:

- Gje alle barn eit varierte og positive erfaringar med å bruke språket. Det vil vi gjere i ulike settingar, for eksempel med lesing, samtaler, rim, reglar m.m.
- Vi vil gje barna felles opplevingar og aktivitetar. Dette gjev alle barn gode muligheter for å kunne prate/kommunisere seg imellom. Felles opplevingar gjev felles språk.

- Vi vaksne skal være bevisst barnas bruk av kommunikasjon. Vi må lese barnas bruk av kropp, bevegelse og ord for å samhandle med dei på best mogleg måte, og for å støtte dei i utviklinga av talespråket.
- Vi vil satse på høgtlesing og gode samtalar og lære barna samanhengane mellom språk og tekst.
- Vi bruker Språkløyper som metode for kompetanseheving blant personalet og på den måten auke dei vaksne si bevissthet kring språk og språkutvikling.
- Vi vil og ha fokus på leiken blant barna, då den inkluderer både språkleg, sosial og emosjonell utvikling hos barna.
- I

Livsmestring og helse

Rammeplanen seier: *Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.*

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, mestring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap.

(rammeplanen kap 1 s 11)

Vi skal også støtte barna i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.

Livsmestring handlar både om fysisk og psykisk helse. Når vi i Skogsvåg barnehage snakkar om fysisk helse så tenkjer vi at alle barn i barnehagen har rett til å få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Vi skal samtidig være ein arena for dagleg fysisk aktivitet , vi skal stimulere til aktivitetsglede og den motoriske utviklinga til barna.

Barnehagen skal også gjennom måltid i barnehagen gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Vi ønskjer at måltidet skal være ein pedagogisk arena for inkludering og sosial samvær og sosialt samspel. Her skal vi vaksne være aktive språklege rollemodeller, då samtale og deling av rike opplevingar er ein av dei viktigste ressursane i barnehagen når det gjeld språkutvikling.

Barns psykiske helse er også noko vi skal arbeide med. Vi vil lære barna å ta vare på seg sjølv og andre. At dei har tru på seg sjølv og eigen identitet. Vi vil lære dei å mestre ulike situasjonar i livet, både med- og motgang og styrke dei som det enkelt individet dei er. Vi skal hjelpe barna med å regulere følelse, til å leike og mestre og til å takle sorg og skuffelser.

Mål:

- Alle barn skal få utfolde seg i ulike omgjevnadar slik at dei vert utfordra og stimulert til fysisk aktivitet og leik
- Vi skal ha fokus på å gje barna gode matvaner og delta i mattilbreding.
- Vi skal bidra til at barna trivast med å være ute i naturen i all slags vær
- Vi skal hjelpe barn med å regulere følelsane , anerkjenne dei og å handtere følelsane sine på ein god måte
- Alle barn skal ha tru på seg sjølv, sin identitet og styrkar.
- Alle barn skal ha tid til ro og kvile i kvardagen

For å få dette til vil vi:

- Bruke barnesamtaler for å samtale om barnets trivsel – både individuelt og i grupper
- Ha felles fokusområder på huset for å jobbe systematisk med barns fysiske og psykiske helse
- La barna delta i matlaging og tilbreding, for eksempel til lunsj og frukt.
- Aktivt bruke temahefte kring måltid i barnehagen som utgangspunkt for arbeid med måltidet som pedagogisk arena.

- Vaksne som er tilstade i kvardagen- og har barnefokus i det dei gjer.
- Bruke tid og midlar på kompetanseheving blant dei tilsette- meir kunnskap skal gje betre handlingar i kvardagen i arbeidet med barna
- Handlingsplan mot mobbing og tiltaksplanar dersom mobbing oppstår.

Vennskap, fellesskap og sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjoner. Det handlar om å lykkes i å omgås andre. Denne kompetansen vert uttrykt og tileigna av barn i samspill med kvarandre og med vaksne, og vert spegla i barna sin evne til å ta initiativ og til å oppretthalde vennskap.

Barn med sosial kompetanse er betre i stand til å gå inn i ein vennegruppe, då dei veit meir kva for åtferd som er passande i ulike situasjoner. Sosial kompetente barn får oftare positive tilbakemeldingar frå andre barn, og dette har stor betydning for utvikling av egen identitet.

Vi i Skogsvåg barnehage har null toleranse for mobbing. Alle barn skal føle at dei er inkludert og at dei kan være seg sjølv, og bli akseptert for den dei er.

Sosial kompetanse består av ulike sosiale ferdigheter som er vesentlege å meistre, og som vi meiner er noko av det viktigaste vi vil lære barna. Dette er:

- Empati og rolletaking- innlevelse i andre sine følelsar og forståing for andre sine perspektiv og tankar.
- Prososial åtferd- positive sosiale handlingar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre
- Sjølvkontroll- å kunne utsette eigne behov og ønskjer i situasjoner som krev for eksempel turtaking og felles avgjørsle og å takle konfliktar
- Sjølvhevding – korleis ein kan hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte og tørre å stå imot gruppepress (jmf mobbing)
- Leik, humor og glede – å kunne skilje leik frå annan aktivitet som å tolke leikesignaler, la seg rive med og føle glede (Udir)

Mål:

- Barna skal utvikle ein positiv sjølvoppfatning
- Barna skal lykkast i å omgås andre
- Barna skal oppleve vennskap
- Vi skal førebygge, stoppe og følgje opp utestenging, diskriminering, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre

For å nå dette vil vi:

- Ha trygge og tydelige vaksne tilstade i barnehagen
- Støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- I kvardagen fokusere på leik, glede og barns medverknad for å styrke opp om barnas læring kring sosial kompetanse.
- Vi vil snakke med barna og ikkje over hovudet på barna
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og hjelpe dei i å finne løysingar i konfliktsituasjoner

- Bruke «Hjerteprogrammet» i aktiviteter i barnehagen!
Støtte og hjelpe barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak fra fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- Voksnes skal observere barnas leik, gjennomføre trivselssamtaler.
- Alle vaksne skal kjenne til handlingsplanen vi har om mobbing.

Omsorg og danning.

Barnehagen skal i nært samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik. Leggje til rette for å fremme læring og danning som er grunnlaget for allsidig utvikling.
(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd, første punktum)

Omsorg:

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og mestring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.(Rammeplanen kap 2 s 19)

Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og vaksne, og mellom dei vaksne i barnehagen er prega av lytting, nærleik, innleving, evne og vilje til samspel.

I vår barnehage betyr "omsorg" først og fremst at kvart enkelt barn blir sett, hørt og teken godt vare på!

Vi vaksne skal vere på barnas nivå og tilpasse oss dei, og ikkje motsett. Omsorg skal skje naturleg og i alle ledd i kvar dagen vår.

Omsorg for barna på småbarns avdelingane (0-3 åringer) skal bære preg av:

- Tilstedeværende vaksne – være på golvet og i barnas høgd
- Vaksne som lyttar og tek barnas initiativ på alvor
- Vaksne som gjev av seg sjølv
- Ro og kvile for alle barn- uansett om dei sov på dagen eller ikkje
- Dei vaksne skal møte alle barn på ein open, varm og interessaert måte og vise omsorg til kvart enkelt barn, og som er lydhøre for kva barn uttrykkjer

Omsorg for barna på mellomgruppene (3-4 åringer) og førskulegruppa (5 åringer) skal bære preg av:

- Tilstedeværende vaksne- som er i barnas høgd og på golvet
- Vaksne som lyttar og tek barnas initiativ på alvor
- Vaksne som gjev støtte og hjelpe ut frå kvar enkelt barns behov
- Ha fokus på relasjoner- barn- barn – vaksne og vaksne- vaksne.
- Muligkeit for ro og kvile
- Vaksne som er lydhøre for kva barn uttrykkjer, og prøver å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte

For å nå dette vil vi:

- Møte barna i garderoben og ønske dei velkommen!
- Gi av oss sjølv og være på barna sitt nivå, og på golvet saman med barna
- Være tydelige voksne med gode, forutsigbare og samkjørte retningslinjer og rutiner for barna.
- Være støttande voksne som hjelper barna til å bli sjølvstendige og til å føle mestring jmf. COS
- Lytte til barna- både verbalt og non verbalt språk
- Tenkje oss om korleis vi voksne ordlegg oss- og bruker kroppsspråket vårt.
- Være tilstade for barna – er på golvet, er i deira høgde – tek dei på alvor
- Ha barneperspektiv i det vi gjer og planar vi legg.
- Barna skal vise omsorg seg imellom, vi skal sjå igjen omsorg i det barnet gir
- Trygge voksne gjev trygge barn = godt læringsmiljø

Danning:

Barnehagen skal fremje danning, og oppmuntre barna til å være prøvande til og nysgjerrige på omverda , og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. (Rammeplanen s 21)

For oss i Skogsvåg barnehage vil dette med danning sei at det er ein prosess som skjer i møte mellom menneske. I barnehagen møtes store og små menneske, med ulik kulturell bakgrunn, religion og utdanning. Det er holdningar og verdiar vi har til barn/menneskjer og korleis vi formidlar dette til barna og omgjevnadane. Danning er ikkje berre oppdraging i forhold til rett og gale. Det er å danne barna som menneske i ein heilskap – sjå kvart barn som eit enkelt individ, full i ressursar, klar for ein verden som vi skal vise barna. Vi skal støtte barna i deira identitet , kven dei er, med dei føresetnadane dei har med seg – til å utvikle seg best mogleg. Barnehagen skal bidra til å fremme tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.

Gjennom omsorg, læring, og sosialisering skal Skogsvåg barnehage, i samarbeid med føresette, bidra til barnets si danning.

Mål:

- Gje barna ein god start på livet og gje dei meiningsfulle opplevingar
- Vi skal synleggjere og framheve mangfald og ulikskap i barnehage, som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring
- Lære barna god samhandling
- Voksne skal være gode rollemodeller for barna

For å få dette til vil vi:

- La barna møte voksne som er omsorgsfulle og tilstade for dei
- Oppmuntre barna til å hjelpe kvarandre og respektere at vi er ulike
- Leggje til rette for at barna utviklar evna til å være nysgjerrig på omgjevnadane og sjå seg sjølv som eit verdifullt medlem av fellesskapet.
- Hjelpe barna å sortere/sette ord på kjensler/opplevingar.
- Voksne vere bevisste på eigen rolle, og vår påverknad på barna og deira utvikling
- Bruke Hjerteprogrammet i samlingar



Leik

"Barnehagen skal gi barna muligkeit for leik, livsutfoldelse og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgivelser" (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Skogsvåg barnehage vil i år ha fokus på leik og leikens betydning for barna si framtid. I leik vil barna utvikle seg både språkleg, intellektuelt, motorisk og sosialt. Leiken har ein eigenverdi som vi skal anerkjenne og legge til rette for. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring, eit fristed for barna og eit sted vi lærer. Vi vil bruke leiken som ein stor del av vårt språkarbeid- og særskilt ha fokus på leik med dei barna som treng ekstra støtte i utviklinga av ord, begrep og bruk.

Mål:

- Vi skal gje barna tid og rom for utforskande leik kvar dag
- Vi skal gje alle barna mestringeskjensle i leiken.
- Vaksne skal være tilstade i leik, både deltagande og observerande
- Vi skal arbeide for at alle barn skal oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leiken, åleine og saman med andre

For å få dette til vil vi:

- Sette av god tid til leik kvar einaste dag, både inne og ute. Barna får i stor grad velje sjølve kva og kven dei vil leike med
- Leggje til rette for eit leikemiljø som inspirerer til fantasi, skaparglede, livsutfalding og for variert leik. (organiserer rom, tid og leikemateriale som inspirerer til ulike typar leik)
- At dei vaksne er aktivt tilstade under leiken, som deltarar, observatørar eller rettleiarar, for at barna skal meistre samspel i leik.
- Vi forbereder barna før vi avslutter leiken.
- Ha Barnesamtalar med barna for å høre deira tankar om leiken – og bruke dette til at alle barn kjem inn i leiken og utvikler gode relasjonar og venskap
- Ha leik som tema på personal- og avdelingsmøter



Læring:

Barnehagen gjev barna grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Dei vaksne støttar barnas nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær og gjev utfordringar med utgangspunkt i barns interesser, kunnskapar og ferdigheter.

Barnehagen skal fremje læring i eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Vi skal introdusere tema, materiale, reiskap mm som bidreg til læring og meiningsfull samhandling. Barna skal forstå samanhengar og utvide perspektivet sitt på ulike områder.

Å ivareta barn si lærelyst handlar i stor grad om engasjerande og motiverande vaksne som skapar eit godt og allsidig læringsmiljø med rom for undring.

Eit godt læringsmiljø kjenneteiknas av:

- Positive relasjonar mellom barn og vaksne
- Eit miljø der nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst vert anerkjend, stimulert og lagt til grunn for læringsprosessar
- God leiing, organisering og legge til rette for læring i barnehagen
- Vaksne som reflekterer over eigen handlingar og praksis i fellesskap
- Vaksne med høg kompetanse i å sjå det enkelte barnet, å lede barnegruppa og pedagogiske prosesser.
- Godt samarbeid mellom barnehage og heim

Vi i Skogsvåg barnehage vil arbeide med læring gjennom heile dagen. Vi har som mål og introduserer nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskaper som skal bidra til god samhandling. I læringsprosessane legg vi vekt på barnas nysgjerrigkeit, vitelyst og kreativitet som grunnlag for barnas utvikling.

Når vi planlegger nye tema/ samlingsstunder har vi desse kriteriene

- Overordna mål for temaet og mål for samlinga
- Kva vil vi at barna skal sitte igjen med etter samlinga – barnas læringsutbytte
- Kva metode brukar vi og kvifor
- Fagområde vi er innom
- Evaluering

Barns medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemد. Dei skal jamleg få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagens verksemد. Barns synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med eigen alder og modenskap.
(Barnehageloven §3 Barns rett til medverking)

Barns medverknad handlar ikkje om å få velje om ein vil ha blå eller kvit kopp til lunsj, men å bli sett, hørt og respektert for den dei er. Barn må få oppgåver ut i frå modning, alder og mestringsnivå, slik at dei ikkje vert stilt til ansvar for noko dei ikkje mestrar. Sjølvsagt skal alle få utfordringar – då med vaksne som oppmuntrar og støttar.

Vi ønskjer at barna på Revehiet og Bjørnehiet skal oppleve å bli rett tolka ut frå sine uttrykksformer. Vi vaksne skal vere ekstra lydhøre ovanfor dei signala desse yngste barna sender, og gripe fatt i dei.

Vi ønskjer at barna på Maurtua, Bikuben og Marihøna skal få oppleve at dei vert tatt på alvor og at dei får uttrykt eigne meininger og følelsar. Dei skal og få ein oppleveling av at dei har noko å bidra med – at deira mening tel og er verdt å lytte til.

For å leggje til rette for barns medverknad skal vi:

- Lytte til barna og snakke med dei
- Observere barna for å finne ut kva dei er opptekne og interessert i
- Være observant for dei ulike utrykka og behova til alle barn, uansett alder
- Vi skal sjå kvart barn og vise at vi ser dei
- La barna vere med på å påverke kvardagsaktivitetane
- Ha fleksible planar som kan bli endra på ved behov. Ha rom for det spontane
- Bruke samlingsstund som en arena for å høyre barnas ønskjer
- Gje støtte og bidra til barna sine initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet og læreryst
- Ta vare på barnas venskap

Fagområda med progresjonsplan


«Barnehagen skal gi barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og ferdigheter.»

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Som ei hjelp i den alderstilpassa opplæringa og for å sikra rammeplanen sine krav innanfor dei sju fagområda, skal barnehagane ha ein progresjonsplan innanfor desse fagområda. Progresjonsplanen skal nyttast som ein arbeidsreiskap for dei vaksne og gjelde alle aldersgrupper i barnehagen. Dei minste skal ha anna tilbod og opplevingar i barnehagen, enn dei eldste. Sjølv om det skal være ein progresjon vil og dei ulike avdelingane jobbe med det som dei andre arbeidar med. For eksempel vil også Marihøna bli kjent med songar, rim og regler sjølv om det ikkje står i deira kolonne. Vi har valt å skrive ned det som differensierer dei ulike avdelingane og aldersgruppene, og kva dei skal ha mest fokus på.

Det kan være utfordrande å skrive konkret kva ein skal gjere innanfor dei ulike fagområda, då vi og vil ta barnas innspel og meininger med i arbeidet vårt.

Det kan være at noko av måla våre ikkje vert nådd- og det kan dukke opp andre mål undervegs. Det meiner vi er heilt ok, då barnehagekvardagen lever og er i endring . Vi vil så langt det lar seg gjere å prøve å nå alle måla i progresjonsplanen- og evaluere undervegs korleis det går.



Bildet henta frå «minbarnehage.no»

Kommunikasjon, språk og tekst

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet sin utvikling» Rammeplan for barnehagar (kunnskapsdepartementet. 2017.)

Barnehagen skal støtte barn sin utvikling av språk og kommunikasjon slik at barnet kan kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barna skal få god språkstimulering ved å delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling

Mål/krav frå rammeplan	Tiltak ein kan gjere for å nå måla
1-2 år <ul style="list-style-type: none"> 👉 Bli kjend med songar, rim og regler 👉 Lære songar med bevegelse 👉 Oppleve glede med å bruke språk 	<ul style="list-style-type: none"> 👉 Lese bøker, synger songar. 👉 Ha rim og regler og song også utanfor samlingsstund 👉 Gode samtalar 👉 Kvalitet på samlingsstund 👉 Dei vaksne må sette ord på det barnet gjer, opplev og følar. 👉 Sjå enkeltbarnet og gi det merksemdu kvar dag
3-4 år <ul style="list-style-type: none"> 👉 Bruka språket aktivt for å uttrykkje seg. 👉 Lytta til kvarandre 👉 Vente på tur 👉 Utvide omgrepssforståinga 👉 Bli kjent med tal og bokstaver gjennom leik. 👉 Kjenne igjen namnet sitt 👉 Lære seg namn på fargar 👉 Få oppleve eit mangfold av eventyr 👉 Bli kjend med rytme. 	<ul style="list-style-type: none"> 👉 Rim, regler og song i samling 👉 Stimulera til attforteljing 👉 Barnesamtale 👉 Dokumentasjon i form av bilde på veggene. 👉 Vaksne som støttar og hjelper barnet til å bruke språket aktivt i alle situasjonar. 👉 Ha kvalitet på samlingsstundene 👉 Ha alfabet og talrekka 1-10 på veggen 👉 Ha namneskilt på barnets plass 👉 Dokumentasjon i form av bilete på veggene. 👉 Lese eventyr, lydbok i kvilestund eller lytte til musikk 👉 Musikk, ordrytme, instrument

5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Kunne telleramsen 1-10 ❖ Trafikkskilt- form og betydning ❖ Vidareutvikla omgrepsforståinga ❖ Bli kjend med tall og bokstavar 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Ha talrekka på vegg på avdelinga ❖ Song, rim og rytme ❖ Gode samtalar ❖ Bevisstgjera barnet på skriftspråket ❖ Ha filosofiske samtaler. ❖ Synleggjere skriftspråket i det fysiske miljøet ❖ Lære songar på andre språk ❖ Bli kjent med tradisjonelle leikar
--------	---	--




Kropp, rørsle, mat og helse

«Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileigner seg i barnehagealder, varar livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.»
Rammeplan for barnehagar 2017

Mål	Tiltak: ein kan gjere for å nå måla
1-2 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Innføra gode rutinar når det gjeld hygiene og sunt kosthald ❖ God kroppsleg utvikling ❖ Kvilestund ❖ Sundt og variert kosthald ❖ Bli glad i å være ute ❖ Tur i nærmiljøet <ul style="list-style-type: none"> ❖ Vaksne til stades under handvask ❖ Varierte og sunne måltid ❖ Gå turar i ulendt terreng ❖ Songar med rørsle, songar om kroppsdelar ❖ Legge til rette for at barna skal ha moglegheit til å kvile seg ein periode i løpet av dagen
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Aktiv bruk av natur og nærliek ❖ Vidareutvikle grov og finmotorikk ❖ Gode rutinar kring hygiene og sundt kosthald ❖ Reinslegheit ❖ Sjølvstendetrenings ❖ Bli kjent med sine eigne kjensler ❖ Trygg på eigen kropp. ❖ Etablera god sjølvoppfatning <ul style="list-style-type: none"> ❖ Gå lengre turar, og i ulendt terregn ❖ Tur og ser om vi finner bær ❖ Ulike aktiviteter som t.d. sykle, klatre, leike med ball ❖ Sansemotorisk trening ❖ Delta i tilberedning av mat ❖ Vaske seg på henda før måltid og etter toalettbesøk ❖ Kle på seg sjølv ❖ Leiker med rørsler og songar ❖ Organisere kvilestund med lydbok, eventyr eller musikk kvar dag ❖ Samlingsstund, bøker og samtalar kring kjensle. ❖ Være oppmerksame på barnets kjensle. Støtte dei i å forstå kjensla sine. ❖ Gje barna meistringsglede

5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Få gode opplevingar gjennom mestring og utfordring ➢ Kunna namn på ulike kroppsdelar ➢ Utvikle gode motoriske ferdigheitar ➢ Vidareutvikle sjølvstende. 	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Lengre turar- vera uthaldande ➢ Meistre toalettbesøk sjølv ➢ Blyantgrep ➢ Klippe etter strek ➢ Samtalar om kva sunn/usunn mat gjer med kroppen vår ➢ Få ulike typar ansvar som det å rydde plassen sin, ha ansvar for sitt bord
--------	--	--



Kunst, kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlaget for tilhøyrslse, deltaking og eige skapande arbeide. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike formar og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Rammeplan for barnehagar 2017

Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Gje barna mange gode inntrykk og erfaringar ➢ La barna få prøve ut ulike teknikkar og materiale ➢ Barna skal få oppleve dramatisering ➢ Bli kjent med samisk kultur 	<ul style="list-style-type: none"> ➢ La barna oppleve og få erfaring med ulikt materiell ➢ Læra barna enkle tradisjonsrike songar ➢ Motivere barna til i utrykke seg visuelt gjennom musikk, song, dans og drama ➢ Blir kjent med ulike instrumenter ➢ Ha tilgang til utkledningsklede ➢ Fellessamlingar ➢ Samisk veke
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede ➢ Bli kjent med dramatisering ➢ Bli kjent med nokre tradisjonelle songleikar 	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Bruke instrument/rytmeinstrument ➢ Erfaring med primærdfargane ➢ Oppleve dramatisering og få dramatisere sjølv ➢ Variert materiale og verktøy tilgjengelig for barna ➢ Songleikar
5-6 År	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Få erfaring med verkemidlar og form for å kunna uttrykkja seg ➢ Bruke ulike teknikkar som t.d. teikne, spikke, måle, sage, sy, veve, snikre 	<ul style="list-style-type: none"> ➢ Læra dei tradisjonelle leikane/songleikane ➢ Dramatisere eit skodespel ➢ Ha utstilling



Natur, miljø og teknologi

«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og få erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider» Rammeplan for barnehagar 2017


Mål:	Tiltak ein kan gjøre for å nå måla	
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med naturen kring barnehagen, til alle årstider • Få kjennskap til vêr og klima • Få erfaringar med dyr og planter i norsk natur 	<ul style="list-style-type: none"> • Småturar utanfor barnehagen • Stort sett ute kvar dag • Oppmerksame vaksne • Sjå på innsikter og småkryp
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> • Glede over å ferdast i naturen • Respekt for naturen • Få kunnskap om dyr og dyreliv • Bli kjend med insekt, plantar og fuglar i nærmiljøet • Årstider 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke nærmiljøet for å lære om naturen • Respekt for alt liv, i tale og handling • Gå på oppdagarferd i naturen • Bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring • Bruke begrep om vær og årstider
5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> • Teknikk/leik i kvardagsliv • Undring over naturen • Lære om det biologiske mangfaldet i naturen • Tidsbegrep • Eksperimentering i naturen • Kjennskap til menneskets livssyklus 	<ul style="list-style-type: none"> • Samtaler kring tema. Bruk av IKT • Ulike fysiske eksperiment som t.d. snø, vatn, flyte/søkk. • Lære om mangfold i naturen • Vaksne som støttar barnet i dets undring og utforskning • Filosofiske samtalar kring erfaringar og opplevingar i naturen • Samtalar kring menneskets livssyklus



Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Rammeplan for barnehagar 2017

Mål:	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Utvikla toleranse og interesse for kvarandre ✿ Støtte til konfliktløysing ✿ Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar (jul/påske), og tradisjonar knytt til høgtider i religionar og livssyn som er representerte i barnehegruppa 	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Lære seg sosiale koder, som å vente på tur og dele ✿ Vaksne med ein anerkjennande haldning til barna ✿ Gode og trygge rollemodellar ✿ Kristne julesongar ✿ Markere diverse høgtider ✿ Bøker om temaet
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Lære toleranse og respekt for at alle er forskjellige ✿ Lære å samarbeide, vente på tur, dele ✿ Utvikle konfliktløysing ✿ Utvikle empati ✿ Erfaring med egen kropp og følelsar ✿ Vidareutvikle kjennskapen til kristne høgtidar og tradisjonar ✿ Gi barna kunnskap om andre land og kulturar 	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Oppleve demokrati ✿ Hjertesamling ✿ Markere høgtider ✿ Dele med andre ✿ Mestringsglede ✿ Oppleve empati ved hjelp av støttande vaksne ✿ Konfliktløysing ✿ Vennskap og sosiale ferdigheter ✿ Jule/påskebodskapen med tilhøyrande songar. ✿ Markere FN dagen – lage plakatar saman med barna om barnas rettigheiter
5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Ha respekt for kvarandre og for deres bakgrunn, uansett hudfarge og religion ✿ Utvikle sosial kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> ✿ Danning ✿ Fremja forståing, ettertanke og toleranse ✿ Forståelse for demokrati ✿ Filosofiske samtalar ✿ Få kjennskap til ulike høgtider



Nærmiljø og samfunn

Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda» Rammeplan for barnehagen 2017

Mål:	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> • Begynnande trygg identitet • Barna skal få gode opplevinga i nærmiljøet 	<ul style="list-style-type: none"> • Vaksne med ein anerkjennande haldning til barnet uansett minoritet eller familie bakgrunn • Barnas hus • Gå småturar rundt i barnehagen og nærmiljøet
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> • Begynnande trafikkopplæring • Kjennskap til samane • Deltaking i nærmiljøet • Sosiale aktivitetar i barnehagen • Markerer FN dagen på avdelingane 	<ul style="list-style-type: none"> • Turar i nærmiljøet • Markere samisk nasjonaldag og ha samtaler om deira kultur • Kulturformidling • Ulike sosiale tilstellingar i løpet av året • Barna får kjennskap til FNs barnekonvensjon og barns rettigheter
5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med ulike samfunnsinstitusjonar og yrke som er i nærliken av barnehagen • Markere FN Dagen på avdelinga • Trafikkopplæring 	<ul style="list-style-type: none"> • Lengre turar i nærområdet • Besøke dei samfunnsinstitusjonane som det er mogeleg å besøke i nærliken av barnehagen, td Sundheimen, kommunehuset, helgestasjon, Butikkar • Lære barna om FNS barnekonvensjon og barns rettigheter • Bruke Barnas trafikk klubb



Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og eggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagliglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølve vere kreative og skapande» Rammeplan for barnehagen 2017

Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	
1-2 år	<ul style="list-style-type: none"> • Kroppen sin plassering i rommet • Enkle puslespel • Bli kjent med ulike former og farger og tal gjennom å utforske, erfare og leike 	<ul style="list-style-type: none"> • Songleikar/bevegelsesesonger • Tilrettelagt fysisk miljø • Tilpassa leiker (ballar/klossar) • Turtaking • Gir barna tilgang til ulike typar former og synleggjere dei • Øve på telleramsen • Leik med vatn
3-4 år	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne talrekka 1-10 • Bli kjend med ulike former og størrelsar gjennom å sortere og samanlikne • Bli kjent med trafikkskilt 	<ul style="list-style-type: none"> • Eventyr, regler, song • Hengja opp talrekka på avdelinga. • Sortering/rydding • Øve å kle på seg sjølv • Å dekke bord • Deltakande vaksne i spel • Bruke omgrep i leik • Studere trafikkskilta. Snakke om form, farge, betydning
5-6 år	<ul style="list-style-type: none"> • Oppleva glede over å utforske og leika med former • Tileigna seg gode matematiske omgrep • Spelereglar • Kunne sjå og lage ulike mønster • Kunne telje 	<ul style="list-style-type: none"> • Ulike fysikkforsøk • Vera med å laga mat og dekka bord • Mengdemåling • Klassifisering • Logisk tenking, sortering, vekt, volum og tid • Spel/spelereglar • Tidsomgrep, dag, år... • Aktivitetar som måling, veier, teljing • Arbeide med omgrevpsforståing



Overgangar i barnehagen og mot skulen

Når barnet byrjar i barnehagen

Vår tilvenning i barnehagen er lagt opp til å vare minst 3 dagar. Vi krev at denne tilvenninga tek 3 dagar, men oppmuntrar alle foreldre/føresette til å bruke lengre tid om dei har moglegheit for det. Første dagen prøver vi å leggje opp til at så få barn som råd er kjem samstundes, slik at vi får eit godt første møte med barnehagen. Dette gjeld spesielt på småbarnsavdelingane som får flest heilt nye barn. Foreldra oppmodast til å vere i barnehagen så mykje som mogleg, slik at barnet og foreldra vert kjend og trygg på vaksne og på huset. I løpet av dag to kan ein prøve ei kort stund å la barnet være igjen i barnehagen og den tredje dagen så kan barnet prøve å være åleine ei lengre stund, men foreldre/føresette må være tilgjengeleg og komme på kort varsel.

Overgangar i barnehagen

Vi prøver å gjere overgangane i barnehagen så god som mogeleg. Når våren kjem går vi ut på den store sida og leikar saman med dei barna som vi møter til hausten. Vi har også besøksdagar, der dei som skal bytte avdeling får gå på besøk til den avdelinga dei skal begynne på til hausten. Vi deler barna i fleire grupper, slik at dei barna som skal på besøk får ein god oppleving.

Overgang og samarbeid barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen legge til rette for barns overgang frå barnehage til første klasse. Samarbeidet skal ha fokus på kva barn kan og meistrar og på kva dei kan trenge særskilt støtte til. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen.

Dette gjer vi:

- Barnehagane i kommunen har felles rutinar for overgang mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ekstra samarbeid kring barn med særskilde behov for tilrettelegging.
- Kommunen har utarbeida ein felles plan for det skuleførebuande arbeidet med fokus på sosial kompetanse, språk, matematikk og skuleførebuande aktivitetar. Dei skuleførebuande aktivitetane inkluderer arbeid med sjølvstendetrenings, konsentrasjon, merksemd og finmotorikk.

Når	Aktivitet	Gjeld for	Innhald	Ansvarleg	Mål
Siste veke i februar	Innskriving	Føresette, born, lærar og rektor	Fokus på barna sin tryggleik Korleis organiserer vi dagane på skulen? Kva gjer vis samband med mobbing? Klasse- og skulemiljø. Foreldres betydning for læring. Kva er eit Læringsmål? Kva forventar ein av barna? Bli kjent med skulen.	Rektor	Opprette fyrste kontakt med dei føresette. Lage ei positiv haldning til skulen. Formidle noko av hovudtankar rundt skulen sitt pedagogiske fokus.
Juni	Overgangssamtale ½ time på kvart barn	Rektor/kontaktlærar. Styrar/ped. leiar	Informasjon om borna sine ferdigheiter innan fonetisk- og leseførebuande kompetanse	Rektor, styrar.	Overføre viktig informasjon frå bhg. til skule knytt til det einskilde barn og barnegruppe, t.d. skrive- og teiknekompetanse, reknekompetanse og sosial- og leikekompetanse
Mai/juni	Førskuledagar	Ny førsteklasse og kontaktlærar	Treff med fadderklassen. Bli kjent med klasserom, lærar, medelevar, "skuleaktivitetar"	Rektor, styrar og kontaktlærar	Bli godt kjent med skulemiljøet

Vurdering/ dokumentasjon

Den nye rammeplanen seier at barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Barnets trivsel og allsidig utvikling skal observeras og vurderas fortløypande og barnets erfaringar og synspunkt skal inngå i vurderingsarbeidet.

Tiltak for å gjere dette er blant anna ved at ein systematisk har to foreldresamtalar i året.

Vi har barneintervju med dei eldste barna (gjerne frå 3 år) og gode observasjonar av dei minste. Vi tilbyr foreldresamtalar etter behov dersom det skal være noko utanom ordinære foreldresamtalane

Dokumentasjon skal sikre at brukarane får innsyn i det pedagogiske arbeidet. Personalet brukar dokumentasjon som grunnlag for samtale og refleksjon omkring pedagogisk praksis. Dokumentasjon skal gje informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Trivsel og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal observerast og vurderast fortløypande.

Dei tilsette dokumenterer innhaldet i kvardagen gjennom prosjektdokumentasjon, barna sine eigne uttrykk, «plan for vurderingsarbeid», plakatar, månadspost og facebook. Det skapar avklaringar og gjev grunnlag for vidare arbeid. Avdelingane evaluerer og planlegg ein gong i månaden. På denne måten tek ein òg vare på barna sine innspel. Kvart halvår skal det gjerast utførlege vurderingar.

Foreldre og tilsette skal vurdera barnehagen gjennom brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. Vurderingane skal brukast som grunnlag for den vidare planlegginga i barnehagen. Årsplanen er òg eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverka innhaldet i barnehagen.

Plan for vurderingsarbeidet.

Kva skal vurderast:	Mål for vurderingsarbeidet:	Kven skal delta:	Korleis vurdere:	Tidspunkt
Barnas trivsel	Alle	Personalet, barna og foreldre	Gjennom Barnesamtale, observasjon og avdelingsmøte, Tema på foreldresamtaler	Haust og vår
Voksnes tilstedeværelse hos barna i leik	Skape gode leikesituasjonar for barna	Personalet og barna	Gjennom observasjon, samtaler, avdelingsmøte, personalmøte og Barnesamtaler/intervju	Heile året
Er språkmiljøet vårt endra?	Har vi forbetra språkmiljøet og vår eigen bevissthet kring språkstimulering i kvardagen?	Personalet	Språkløyper Ståstadsanalyse Udir Språkmiljøet	Heile året

Alle avdelingane skal arbeide med desse måla, slik at vi har ein felles raud tråd i det vi gjer.

OKTOBER - DESEMBER

Språk:

Barna skal få leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytmelydar og ord.

Livsmestring og helse:

Alle barn skal bli trygge på eigen kropp, få ein poistiv oppfatning av seg sjølve og bli kjende med eigen kjensler

Leik:

Vaksne skal delta i, og bidra til, at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik. Vi skal også legge til rette for utvikling av ulike leiketema.

Språk:

Barna skal utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk

Livsmestring og helse:

Vi skal fremme barnas fysiske helse

Leik:

Vaksne skal delta i, og bidra til, at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik. Vi skal også legge til rette for utvikling av ulike leiketema.

JANUAR - MARS

Eit godt barnehagemiljø
Med fokus på
Barneperspektiv
i det vi gjer!!
Aktive, varme vaksne
med hjerte for barna.

AUGUST - SEPTEMBER

Språk:

Vaksne skal ha fokus på gode samtalar med barna, og barna i mellom.

Livsmestring og helse:

Vaksne skal ha fokus på å skape gode relasjonar i eit godt barnehagemiljø!

Leik:

Vi skal tilby eit leikemiljø som stimulerer og innbyr til kreativ leik og aktivitet.

Språk:

Barna skal få oppleve glede og spenning ved høgtlesing, forteljing, song og samtale

Livsmestring og helse:

Barna skal få innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.

APRIL - JULI

Leik:

Vi skal legge til rette for allsidig og variert leik ute.

Skogsvåg barnehage skal ha:

«TRYGGE VARME LEIKENDE VAKSNE»



Årsplanen vår er eit levande dokument. Det vil sei at den ikkje er fastlås, men heile tida i endring. Vi skal arbeide for å gje barna ein god barndom og ein god opplevese når dei er hos oss. Vi må jobbe strukturert med stort rom for fleksibilitet og endringsvilje, og ta utgangspunkt i det enkelte barn og barnegruppe når vi planlegger våre aktiviteter og plan for dagen.

Skogsvåg 2019